

## Informasjonsbrev om gravstell i Øygarden kyrkjelege fellestråd 2023

Ein kan avtale gravstell for same periode som grava er frigrav, eller det er betalt for festegrav

Øygarden kyrkjelege fellestråd har faste eksterne fagleverandørar som utfører gravstellet

Det er lik pris i alle sokn i Øygarden kommune

- Kr 2 000 for stell per år
- Kr 200 i administrasjonsgebyr per år
- Ordninga vert gjort gjeldande f.o.m. 01.01.2023
- Ordninga gjeld og for allereie inngåtte stellavtaler f.o.m. 01.01.2023
- Prisane vert justert i tråd med prisutviklinga

Bankkonto gravstell: 1506.85.88631

Moglege stellavtaler

- For eitt år eller mindre
- Ved bestilling av gravstell vert ein faktura sendt ut til festar som har inngått avtalen.
- For fleire år

Ved inngåing av avtale om gravstell for fleire år, får festar tilsendt avtale til signering. Stellavtalen vert sett i gang når avtalen er signert og returnert og avtalt beløp er innbetalt på konto.

I tekst på faktura kjem følgjande informasjon fram:

Jf. Vedtekter for gravplassane i Øygarden kommune § 10: Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjeleg fellestråd, og den som får løyve etter § 15, kan utføre planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminne. Ein slik avtale frittek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

Avtalen består av fire stell årleg

- Påskeliljer til påske
- Sommarblomar mai/juni
- Haustblomar
- Krans til jul

Avtalen gjeld frå innbetalingsdato og så lenge det er midlar igjen

Når det er tomt for midlar, sender kyrjekontoret ut faktura, i staden for brev med varsel om at gravfond snart er tomt. Dersom faktura ikkje vert betalt, så vert stellavtalen avslutta

Eventuelle restmidlar av fondet ved utløp av frigravstida/festetida skal nyttast til å gjere kyrkjegarden vakrare

Ved eventuell oppseiing av gravstellavtalen, er det den som har inngått gravstellavtalen som kan gjere det

Venleg helsing  
**Gravferdsforvaltinga i Øygarden**

Telefon: 400 03 316

Nettside: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)